FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

TINE Meieriet Vest BA

6826 Byrkjelo

Dykkar ref.	Vår ref.	Leikanger
	2001/6917-A /GHA	14.10.2002

TINE MEIERIET VEST BA - UTSLEPPSLØYVE FOR MEIERI PÅ BYRKJELO, GLOPPEN KOMMUNE

Vi viser til søknad datert 14.mars 2002, og til tidlegare kontakt i saka.

Orientering om saka.

TINE Meieriet Vest BA skal utvide produksjonen ved anlegget på Byrkjelo. Anlegget har til no vore eit reint konsummjølkmeieri, men produktspekteret vert frå oktober/november 2002 utvida med kvitost, brunost og mysekonsentrat. Samstundes vert meieria i Førde, Bygstad og på Eid lagt ned. Samla mjølkemengde til anlegget på Byrkjelo vert etter utvidinga 100.000.000 liter kumjølk og 4.700.000 liter geitemjølk pr. år.

I samband med utvidinga vert det bygd eit biologisk forreinseanlegg ved meieriet. Prosessvatnet skal vidare førast til kommunalt avløpsnett og reinseanlegg. Dette løyvet føreset ei oppgradering av kommunen sitt avløpsreinseanlegg for Byrkjelo, slik at dette både med omsyn til kapasitet og prosess kan tilfredsstille nærare fastsette reinsekrav. Dette arbeidet skjer parallelt med utvidinga ved meieriet.

Utsleppssøknaden er sendt på høyring, og lagt ut til offentleg gjennomsyn i samsvar med "Forskrift om behandling av tillatelser etter forurensingsloven" i tida 06.05.2002 til 06.06.2002. Det er ikkje komme merknader til søknaden.

Med heimel i ureiningslova § 18, jf. delegasjonsskriv frå Miljøverndepartementet dagsett 05.05.1993, trekkjer fylkesmannen attende følgjande fire utsleppsløyve:

- **Sogn og Fjordane Meieri avd. Byrkjelo datert 28.06.1996.**
- **Sogn og Fjordane Meieri avd. Eid datert 22.07.1975.**
- **Sogn og Fjordane Meieri avd. Førde datert 04.11.1984 med endringar datert 26.09.1991 og 09.02.2000.**
- **Vestlandsmeieriet avd. Bygstad datert 03.11.1975 med endring 16. 02.1995.**

Med heimel i § 11, jf. § 16 i den same lova, gjev fylkesmannen med dette TINE Meieriet Vest BA utsleppsløyve for drift av meieri på Byrkjelo, Gloppen kommune.

Lokalisering av anlegget: (UTM-koordinatar): 32V LP 368600 6847300.

Adresse	Telefon	Landbruksavdelinga	Telefon
Tinghuset, Skrivarvegen 3	57 65 50 00	Hafstadvegen 48	57 72 32 00
Postboks 43	**Telefaks**	Postboks 14	**Telefaks**
6861 LEIKANGER	57 65 50 55	6801 FØRDE	57 82 12 05
Epost: Postmottak@fm-sf.stat.no		*Internett*: www.fylkesmannen.no/sfj	

./. Vilkåra for drift av verksemda går fram av vedlegg til dette skrivet.

Produksjonsramme

Løyvet er gitt på basis av følgjande produksjonsmengder:

Produkt	Produksjons-mengder (tonn/år)
Konsummjølk, søt	11.200
Konsummjølk, sur	1.400
Kvitost	8.000
Brunost	3.000
Mysekonsentrat	30.000

Verksemda kan ha ein mindre auke i produksjonsmengdene ut over oppgitte rammer dersom dette ikkje fører til auka utslepp ut over krav gitt i punkt 1.2.i vilkåra for løyvet.
For produksjonsprosesser der utslepp er proporsjonale med produksjonsmengde, skal eventuell reduksjon i produksjonsnivå medføre ein tilsvarande reduksjon i utslepp.

Grunngjeving for avgjerda

Avløpsvatnet frå eksisterande konsummjølkanlegg har sidan 1996 blitt ført til utslepp i Breimsvassdraget, via kommunalt reinseanlegg for Byrkjelo. Utsleppet skjer til Storelva, like etter samløpet mellom Myklebustelva og Storelva. Samla har Breimsvassdraget eit nedbørsfelt på 636 km^2, og langs store deler av vassdraget pågår det eit intensivt jordbruk. Det knyter seg både frilufts-, fiske- og drikkevassinteresser til vassdraget.

Meieriet skal som i dag ta kjølevatn frå Myklebustelva. Reint kjølevatn skal ikkje tilførast avløpsnett og reinseanlegg, men førast til utslepp i Myklebustelva. Denne saka vart handsama i samband med søknad om utsleppsløyve i 1996 (jf. brev frå Sogn og Fjordane Meieri og APV Engineering motteke 05.10.1995, og vårt brev dagsett 10.11.95). Tidlegare utsleppsløyve er basert på ei vassmengde på 80 – 120 m^3/time, og ein temperaturauke i elva berekna til 0,5 ºC. Etter utvidinga er det forventa eit forbruk på 80 – 195 m^3/time. Samla auke i temperaturen på elvevatnet vert anslått til 0,75 ºC. Årsaken til at ein så stor produksjonsauke ikkje gir større temperaturutslag er stor grad av energigjenvinnande tiltak inne på meieriet. Dersom uttaket av kjølevatn får følgjer for elva, kan det bli sett strengare krav til energigjenvinning. Ut i frå tidlegare opplysningar om vassføring i elva vil det forventa maksimumsforbruket av kjølevatn ligge på ca. 10 % av minstevassføringa. Etter vår vurdering er uttak og utslepp av kjølevatn lovleg i høve til lakse- og innlandsfiskelova og akseptabelt i høve til allemenne interesser i vassressurslova, jf. § 8. Det er Norges vassdrags- og energiverk (NVE) som har avgjerdsrett etter vassressurslova.

Sidan 1991 er det blitt gjennomført overvaking av Breimsvassdraget. Øvre del er vesentleg påverka av utslepp av næringsstoff (tilstandsklasse III). Effekten av rikeleg tilgang på næringsstoff er mest synleg i mindre sidebekkar til vassdraget (auka groe), medan det er mindre synleg i hovudvassdraget. Nedre del av vassdraget (frå Breimsvatnet og nedover) er tilstanden betre (tilstandsklasse II). Med omsyn på organisk stoff er tilstanden god (tilstandsklasse I) i heile vassdraget. Det same gjeld den bakteriologiske tilstanden (tilstandsklasse I til II). Resultata frå overvakinga indikerer likevel at resipientkapasiteten er avgrensa, og at det bør setjast strenge utsleppskrav til eit så stort utslepp av organisk materiale og fosfor som det her er snakk om.

Det er i løyvet sett krav om eige biologisk forreinseanlegg ved meieriet. Forreinseanlegget skal omdanne løyst organisk stoff til partikulært materiale slik at dette lettare kan skiljast ut i det kommunale reinseanlegget.

Utsleppa frå meieriet på Byrkjelo er tilknytt kommunalt leidningsnett og biologisk/kjemisk reinseanlegg, og vidare reinsing skal skje i det kommunale avløpsreinseanlegg. Utvidinga av meieriet krev og ei utviding av det kommunale reinseanlegget. Meieriavløpet utgjere allereide i dag ein vesentleg del av den avløpsmengda (målt som organisk materiale) som reinseanlegget skal ta seg av, og etter utvidinga vil meieriavløpet utgjere omlag 90% av total organisk belastning ved det kommunale reinseanlegget. Dette set store krav både til at meieriet held seg innafor dei oppgjevne utslepps-rammene, og til drifta av det kommunale reinseanlegget.

Omsynet til kommunalt avløpsnett/reinseanlegg og resipienten Breimsvassdraget krev at det er eit godt samarbeid og klåre avtalar om påslepp mellom TINE Meieriet Vest BA og Gloppen kommune. Dersom det skulle oppstå vesentlege driftsproblem i det kommunale reinseanlegg eller på leidningsnettet som følgje av meieriet sitt avløpsvatn, kan det bli sett strengare krav om forbehandling eller meir omfattande reinsing ved meieriet.

Det som ligg føre av dokumentasjon for Breimsvassdraget viser at det bør ha regelmessig overvaking også i framtida. Det vil bli sett krav om dette i nytt utsleppsløyve for kommunen. Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan det bli stilt krav om resipientgransking i Breimsvassdraget, jf. ureiningslova § 51. TINE Meieriet Vest BA kan bli pålagt å ta del i kostnadene med ei slik gransking.

AVSLUTTANDE REGLAR OG ORIENTERINGAR

Endring eller attendekalling av løyvet

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for eller rammene for løyvet, kan føre til revurdering av vilkåra.

Tilsyn og ansvar

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for tilsyn og kontroll, jf. §§ 48 – 50 i ureiningslova.
Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Vedkomande som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til formålet og vilkåra for løyvet.

Dette løyvet fritek ikkje søkjaren for å hente inn løyve eller samtykke for andre sider av verksemda, som t.d. arbeidsmiljø, helse- og planlovgjevinga.

Alle verksemder som sysselset arbeidstakar, er frå 1.1.1992 pliktige til å ha ein internkontroll som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd (jf. § 52

b i ureiningslova og Internkontrollforskrifta, seinast endra 6.12.1996). I høve miljøvernavdelinga hos fylkesmannen sitt tilsynsområde, vil vi spesielt streke under plikta til å etablere og drive ein internkontroll som vernar om **det ytre miljøet** (vern mot ureining og ei betre handsaming av avfall).

Alle i verksemda eller andre som har tilknyting til aktivitetar i verksemda som kan føre til akutt ureining eller oppdagar akutt ureining, pliktar straks å varsle i samsvar med "Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning" gitt av Miljøverndepartementet 9.7.1992. (Varsle først brannvesenet på tlf. 110.) Varsling kan berre utelatast dersom det er openbert unødvendig.

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

Ureiningsgebyr, straff

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje tvangsmulkt til Staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførte i samsvar med løyvet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at brot på dette løyvet eller pålegg i tilknyting til løyvet, kan straffast etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

Om klageretten
Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda, eller vilkår i løyvet innan 3 veker etter at avgjerda vart motteke. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen ved miljøvernavdelinga som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende den til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar (tlf.: 57 65 51 44)

Sakshandsamar: Grete Haugan (tlf. 57 65 51 57)

Vedlegg

Kopi m/vedlegg: Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 Dep., 0032 Oslo
Gloppen kommune, 6823 Sandane

Intern: VASS, GHA (2)

0. INNLEIING

Føremålet med vilkåra til dette utsleppsløyvet er å mest mogeleg hindre, minimalisere og førebyggje skader og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemda. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land.

Dei tilsette må ha god kunnskap om mogelege utslepp, og må arbeide aktivt gjennom eigen kontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utslepp kan skje.

Som følgje av EØS-avtalen er IPPC-direktivet (Rådsdirektiv 96/61 EF om integrert forebygging og begrensning av forurensning) implementert i norsk lovgjeving. Direktivet set krav om at Beste tilgjengelege teknikker (BAT) til ei kvar tid vert nytta for å sikre låge utslepp, lite avfall, lågt vassforbruk og ei effektiv energiutnytting. Meieri som mottek ei mjølkemengde på over 200 tonn/ døgn (årsgjennomsnitt) vert omfatta av direktivet. TINE Meieriet Vest BA, avd. Byrkjelo vil motta om lag 400 tonn/ døgn, og IPPC-direktivet vert difor gjeldande for drifta ved anlegget.

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1 Bedriftsinterne tiltak

Det må gjerast tiltak og utarbeidast rutinar for å minimalisere avløpsmengda frå anlegget. Ikkje-ureina kjølevatn skal difor ikkje førast til reinseanlegg eller spillvassleidning lagt etter separatsystemet. Bruk av vatn skal reduserast mest mogeleg. Vatn skal ikkje nyttast der det kan erstattast med andre middel. Ved reingjering skal mest mogeleg av fast materiale fjernast ved feiing, skraping o.l. Utblåsing eller utsuging av stoffrestar bør erstatte vass-spyling.

Ureina vatn skal resirkulerast eller grovrensast så tidleg som råd. Sluk skal utstyrast med rister, silar eller oppsamlingskorger. Reingjeringsmiddel bør resirkulerast så lenge som dei er tilstrekkeleg aktive.

Tankar, kar, dunkar med olje, vaskemiddel, syre/base og andre sterkt ureinande stoff skal vere slik utstyrt og plassert at innhaldet ikkje kan hamne i avløpssystemet eller føre til annan form for ureining ved lekkasjar eller havari. Prosesstankar må sikrast mot risiko for overfløyming.

1.2 Utslepp og reinsing

Temperatur i prosessavløpet skal ikkje overstige 35 °C. Avløpet skal utjamnast og nøytraliserast slik at pH-verdien er innafor området pH 6,0 - 9,0 før påslepp til kommunalt avløpsnett.

Utsleppet skal i størst mogeleg grad jamnast ut over døgnet eller deler av døgnet etter nærare avtale med kommunen. Andre avgrensingar kan setjast i avtale om tilknyting til kommunalt avløpsnett.

Meieriet skal ha eit eige biologisk forreinseanlegg som omdannar løyst organisk stoff til partikulært materiale slik at dette lettare kan skiljast ut i det kommunale reinseanlegget. Det vert sett følgjande krav til utslepp frå forreinseanlegget:

Biologisk nedbrytbare stoff.
Det biologiske forreinseanlegget ved meieriet skal ha ein reinseeffekt på minst 80% med omsyn på biologisk nedbrytbare stoff i prosessavløpsvatnet. Reinseeffekt kan reknast ut etter følgjande formel:

$$\text{Reinseeffekt} = \frac{BOF_{T\ inn} - BOF_{F\ ut}}{BOF_{T\ inn}} 100\%$$

der BOF_T er total BOF og BOF_F er BOF i filtrert prøve.

Utsleppa frå meieriet til kommunalt reinseanlegg må likevel ikkje overstige 150 kg BOF_5/ døgn (filtrert prøve) eller 33 tonn BOF_5/ år (filtrert prøve)[1].

Fosfor
Utsleppa frå meieriet til kommunalt reinseanlegg må ikkje overstige 7,6 kg Tot. P/ døgn (filtrert prøve) eller 1,7 tonn Tot.P/ år (filtrert prøve).

1.3 Oljehaldig avløpsvatn.

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstad/ vaskehall/ mottakshall skal reinsast i tilstrekkeleg dimensjonert oljeutskiljar. Oljeinnhaldet i avløpsvatnet skal ikkje overstige dei til ei kvar tid gjeldande grenseverdiar for oljeinnhald. Grenseverdien skal overhaldast i tilfeldig valgt måleperiode under normale driftstilhøve.

1.4 Drift, kontroll og måling.

Det skal leggjast til rette for å utføre pålagde målingar, og verksemda skal montere målestasjon som er utforma og utstyrt slik at det kan gjerast måling av avløpsvatnet sin samansetjing og mengde. Verksemda skal ta minimum 12 prøvar av avløpsvatnet pr. år. Prøvene skal takast som mengdeproporsjonale prøver over minimum 1 døgn. Prøvene skal analyserast med omsyn på:

- pH
- Total fosfor - Tot-P.
- Biologisk oksygenforbruk – BOF_5 (ev omrekna frå KOF når forholdstallet mellom BOF_5 og KOF er bestemt).
- Suspendert stoff - SS

Det må òg liggje føre måling av vassforbruk/avløpsmengde.

[1] Tilsvarar 180 kg BOF_7/ døgn og 39 tonn BOF_7/ år (omrekningsfaktor 1,2). Ved utrekning av årlege utslepp er 260 driftsdøgn lagt til grunn.

Analysane skal utførast i samsvar med Norsk Standard og ved eit laboratorium som er akkreditert for desse analysane. Resultat frå utsleppsmålingar skal leggjast fram for fylkesmannen gjennom årsrapport.

2. UTSLEPP TIL LUFT

All lagring og transport av avfall, spyling, reingjering, og anna verksemd knytt til meieriet, skal gå føre seg slik at det ikkje fører til sjenerande luktulemper for naboar eller andre. Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan det bli stilt krav om gransking av lukttilhøva kring anlegget.

Gassolje /lett fyringsolje som vert forbrent i anlegg utan røykgassreinsing skal ikkje overstige 0,10 vektprosent svovel. Fram til 31. desember 2007 er det likevel tillate å bruke gassolje med maksimalt 0,20 vektprosent svovel jf. "Forskrift om svovelinnhold i ulike oljeprodukt".

Avgassar frå oljebasert fyringsanlegg skal sleppast ut 16 meter over bakken.

3. STØY

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager. Aktivitetar på anlegget som kan medføre støy ved naboar (immisjonsstøy) er avgrensa på følgjande måte:

Immisjonsstad	**Dag** $06^{\underline{00}}$ **-** $18^{\underline{00}}$ **(**$15^{\underline{00}}$**)**	**Kveld** $18^{\underline{00}}$ **-** $22^{\underline{00}}$ **(**$15^{\underline{00}}$ **-** $18^{\underline{00}}$**)**	**Natt** **(**$18^{\underline{00}}$**)** 22^{00} **-** $06^{\underline{00}}$ **Søn- og helgedagar**
Bustad og område som vert nytta som undervisningsstad	50 dB (A)	45 dB (A)	40 dB (A)
Område som vert nytta som hytteområde og rekreasjons - stad, sjukehus/sjukeheim	40 dB (A)	35 dB(A)	35 dB(A)
Transport ved nærliggjande bustader	55 dB (A)[2]	55 dB (A)	55 dB (A)

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innafor vanleg arbeidstid dvs. kl. $7^{\underline{00}}$ - $16^{\underline{00}}$ måndag til fredag.

Dersom støyen omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB. Høgaste lydnivå skal ikkje overskride grenseverdien for ekvivalentnivået med meir enn 10 dB.

Dokumentasjon på lydnivå skal følgje tilvising i "Støyhåndboka" TA-1827/2001 eller seinare utgåve.

[2] Sett i samsvar med "Veiledende grenser for trafikkstøy" - utgitt av Miljøverndepartementet i rundskriv 29.8.1979.

4. AVFALL

4.1 Generelt

Verksemda skal gjennom tiltak i produksjonen arbeide for å redusere avfallsmengda. Alt avfall skal kildesorterast og leverast til godkjent mottakar. Verksemda skal sjølv eller i samarbeid med andre verksemder ha nok utstyr til å handtere den daglege mengda avfall.

Lagring, transport og anna handtering av avfall skal skje slik at det ikkje oppstår unødige luktplager eller fare for smittespreiing.

Verksemda må kunne dokumentere avfallsmengda, samla og for ulike typar, i samband med årsrapportering til fylkesmannen.

4.2 Spesialavfall

Spesialavfall/ farleg avfall skal lagrast på ein forsvarleg måte, og skal leverast attende til leverandøren, eller til andre godkjende mottakarar. (Jf. "Forskrift om spesialavfall" frå 19. mai 1994, T-1037).

5. ANDRE VILKÅR

5.1 Oppfølging av fastsette grenseverdiar

Fastsette grenser for utslepp til vatn og luft, og for støy skal overhaldast i vilkårleg valte måleperiodar når det ikkje er sett nærare krav til midlingstid. Fastsette grenseverdiar for utslepp skal overhaldast under normale driftstilhøve, også ved ev. utsleppstoppar under deler av driftssyklusen, ved bruk av mindre gunstig råstoff og ved andre avvik innafor ramma av vanlege driftsvariasjonar. Desse krava skal oppfyllast også når den opphavlege effekten av utsleppsreduserande utstyr har avtatt som følgje av slitasje m.v.

5.2 Eigenkontroll og ansvar

Verksemda er gjennom IPPC-direktivet pålagt å nytte den til ei kvar tid Beste tilgjengelege teknikk (BAT) for å sikre låge utslepp, lite avfall, lågt vassforbruk og ei effektiv energiutnytting. Dersom verksemda skal foreta ei vesentleg utskifting av utstyr, skal verksemda på førehand gje melding til fylkesmannen.

Verksemda har plikt til, gjennom instruksar og andre tiltak, å sørgje for at drifta av anlegget skjer slik at skade og ulempe til ei kvar tid vert minst mogeleg. I dette ligg m.a. plikt til å søkje å hindre unormale driftsforhold som kan føre til auka utslepp, og til å redusere eller stanse drifta dersom det elles vil oppstå vesentlege overskridingar av dei normale utsleppa.

Vidare skal verksemda utarbeide program for måling av utslepp og oppfølging av rapporteringa til fylkesmannen.

5.3 Nedlegging og driftsstans

Dersom verksemda blir overført til ny eigar, lagt ned eller stansa, skal det gjevast melding til fylkesmannen. Vi gjer merksam på at eigarskifte kan utløyse krav om nytt løyve.

Dersom verksemda har vore lagt ned eller stansa i meir enn 2 år, skal det gjevast melding til fylkesmannen dersom verksemda skal startast opp at.